



Lokallagslover for Stavanger Kristeleg Folkeparti

(revidert av årsmøtet januar 2025)

§ 1 FORMÅL

Stavanger KrFs formål er å fremje ein kristendemokratisk politikk bygd på det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret. KrF sitt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar.

§ 2 TILLITSVERV

Alle tillitsvalde og folkevalde for KrF er forplikta på og skal arbeide for partiet sitt kristne verdigrunnlag slik det er definert i § 1.

§ 3 ORGANISASJON

Lokallaget er slutta til Rogaland fylkeslag av Kristeleg Folkeparti.

Lokallaget består av alle medlemer som er busett i kommunen, inkludert KrF Kvinner (kvinnenettverk) og Kristeleg Folkeparti Ungdom (KrFU). Eit lokallag kan bestå av fleire bydelslag/ kommunedelslag/grendelag.

§ 4 ÅRSMØTET

Årsmøtet består av alle medlemer som har vore medlem i meir enn ein månad og har betalt forfalle kontingent, medrekna KrFU- medlemer som har vald å ha sitt KrF-virke i kommunen, jmf. § 8-4, 3. ledd. Årsmøtet er laget si øvste myndigheit. Det innkallast skriftleg med minst 14 dagars varsel.

Årsmøtet bør avhaldas innan 15. Februar.

Styret skal leggje fram m.a. følgjande saker til handsaming:

- 1) styrets årsmelding m/vedlagt rapport frå kommunestyregruppa, KrF Kvinner og KrFU
- 2) rekneskap, budsjett og revisjonsrapport frå laget. Revidert regnskapsoversikt for aktiviteten i KrFU, KrF Kvinner og kommunestyregruppa leggjast frem til orientering.
- 3) årsplan
- 4) kommuneprogrammet (i valår)
- 5) lovendringsforslag og andre saker som er fremja for styret seinast 2 månadar før årsmøtet.
- 6) vedta nominasjonsreglement (kvart fjerde år i mellomvalsår)
- 7) val
 - styret m/leiar, nestleiar, styremedlemer og 2 varamedlemer (sjå § 5)
 - valkomité til neste årsmøte
 - nominasjonskomité (valde kvart fjerde år i mellomvalsår). Unntaksvis på eit medlemsmøte i god tid før nominasjonsprosessens start.
 - programkomité (valde kvart fjerde år i mellomvalsår)
 - delegatar til KrF sitt fylkesårsmøte
 - registrert revisor eller 2 revisorar m/1 varamedlem



Årsmøtet sitt vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal av alle dei frammøtte medlemmer som har betalt forfalle kontingent, dog unnateke lovendringsvedtak som krev 2/3 fleirtal.

§ 5 STYRET

Styret er sett saman av:

- 1) Leiar, vald for 1 år
- 2) Nestleiar, vald for 1 år
- 3) 4 styremedlemmar, valde for 2 år. To varamedlemmar veljast for eit år. Ved lokallagets oppstart skal to styremedlemmar veljast for 1 år og to styremedlemmar veljast for 2 år.
- 4) Gruppleiar i kommunestyret, med øvrige kommunestyremedlemmar som sine varamedlemmar
- 5) Leiar av KrFU sitt lokallag, med nestleiar og øvrige styremedlemmar som sine varamedlemmar
- 6) Kvinnepolitisk leiar
- 7) Ordførar eller varaordførar frå KrF, med tale-og forslagsrett (ikkje stemmerett)
- 8) Representant for KrF Senior, med tale-og forslagsrett (ikkje stemmerett)

Styret vel sekretær og kasserer/økonomiansvarleg. Sekretær saman med lokallagsleiar er ansvarleg for at protokoller og anna arkivmateriale oppbevarast forsvarleg. Kasserer/økonomiansvarleg er saman med resten av styret pliktig til å sette seg inn i KrFs økonomireglement for lokallag i KrF, og sjå til at reglementet følges.

Styret står ansvarleg ovanfor årsmøtet og leier Kristeleg Folkeparti sitt arbeid i kommunen fram til nytt styre er vald. Styret kan innkalle til ekstraordinært årsmøte når det sjølv finn behov for dette eller når 1/3 av medlemene forlanger det.

I kommunar og byar der det er fleire lokallag innanfor ein kommune er medlemene organisert gjennom geografisk oppdelte bydelslag/kommunedelslag/grendelag. I desse tilfella vel årsmøtet leiar og 2 nestleiarar, som saman med gruppleiar, KrFU-leiar og kvinnepolitisk leiar danner styret sitt arbeidsutval. Øvrige styremedlemer og varamedlemer blir valde av dei respektive bydelslaga/kommunelaga i ei mengd som står i høve til medlems- og røystetal.

Styret utfører sitt leiaransvar i nært samarbeid med styra i bydelslag, kommunelag, eller grendelag der slike finst.

Styret vel sekretær og kassarar. Styret utnemner ein opplæringsansvarleg, som saman med sekretær kan vere kontakt for KrF sitt Skoleringsarbeid.

Styret har møte så ofte som leiaren finn det naudsynt, eller når minst to av styremedlemene ynskjer det. Styret sine vedtak blir fatta ved alminneleg fleirtal, og



styret er vedtaksdyktig når minst halve styret er til stades. Ved same mengd røyster har leiaren dobbeltrøyst.

Styret skal:

- 1) Førebu, gjennomføre og følgje opp årsmøtet sine vedtak
- 2) Ta initiativ til konstituerande møte i kommunestyregruppa, føreslå gode samarbeidsrutinar og gi gruppa råd og innspel undervegs
- 3) Bidra til politisk debatt gjennom politiske fråsegn, utgreiingar og møteverksemd
- 4) Holde god kontakt med medlemene og leggje til rette for medlemsinvolvering og politisk skolering
- 5) Gje lokallaget sine folkevalde og tillitsvalde tilbod om skolering
- 6) Bidra til å ajourføre eitt medlemsregister som er felles for alle ledd i partiet i tråd med landsstyret sine vedtekter om registrering av partimedlemskap m.v
- 7) Organisere planlegging, gjennomføring og evaluering av valkampen
- 8) Handsame saker sendt frå fylkesstyret og landspartiet
- 9) Føre rekneskap og få det revidert i tråd med KrFs økonomireglement.
- 10) Yte stønad til KrFU og KrF Kvinner sitt arbeid i lokallaget

Det skal førast protokoll frå styremøta. Like etter årsmøtet og seinast 1. mars skal det sendast årsrapportskjema til landspartiet via fylkeskontoret. Lokallagsstyret pliktar å oppbevare protokollane frå styremøta, årsmøte og andre møter forsvareleg. KrFs etiske retningslinjer skal gjennomgås ein gang pr. år.

§ 6 NOMINASJON

Nominasjon skal gjennomførast etter vedteke nominasjonsreglement. Reglementet vert vedteke på årsmøtet i mellomvalsår.

Styret kallar inn alle medlemmer til nominasjonsmøtet og syrgjer for å setje møtet. For å kunne røyste må ein ha stått som medlem i minst 3 månadar og ha betalt forfalle kontingent. Nominasjonsmøtet vedtek sjølv sin forretningsorden.

Forslag til valliste ved kommunevalet blir fremja av nominasjonskomitéen som består av 3-7 (mengda må tilpassast lokale forhold) årsmøtevalde personar, inklusiv ein representant kvar føreslått frå KrFU og KrF Kvinner.

Endeleg listeforslag skal setjast opp i samsvar med "Lov om stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval av 2002", med seinare endringar, og skal sendast til valstyret innan 31. mars i valåret underteikna av to styremedlemmer.

§ 7 LOVER FOR LOKALLAGA

Sentralstyret utarbeider normallover for lokallaga. Lokallaga vedtek sjølv sine lover og eventuelle lovendringar. Desse lovene er ikkje gyldige før dei er godkjent av fylkesstyret. §§ 1, 2, 9-11 i lover for Kristeleg Folkeparti (jamfør §§ 1, 2, 7-9 i dette lovsettet) skal under alle omstende gjelde for alle lokallag, og desse paragrafane kan ikkje fråvikast.



§ 8 MEDLEMSKAP

§ 8-1 Teikning av medlemskap

Partiet er ope for medlemskap for alle, som:

- er einig i partiet sitt formål og grunnsyn
- er fylt 13 år
- ikkje er medlem av andre parti eller deira ungdomsorganisasjonar

Om eit medlem ynskjer det, kan det vere organisert gjennom KrFU. Desse medlemene betaler berre ein kontingent og har dei same rettar og plikter som andre KrF-medlemmer.

§ 8-2 Medlemskapet si gyldigheit

Medlemskapet er gyldig når medlemskontingent er betalt og gyldig inntil vedkomande melder seg ut.

Om eit medlem ikkje har betalt kontingent, eller har svart på førespurnader om dette innan utgonge av året, vil dette reknast som passiv utmelding og medlemskapet vil ikkje bli fornya inn i nytt år. Dette gjeld ikkje for nyinnmeldte som er innmeldt etter hovudforfall.

Om eit medlem melder seg ut og bed om å få medlemsinformasjon sletta snøggast, skal dette imøtekomast.

§ 8-3 Medlemsrettar

Fullle rettar som medlem har den som har betalt medlemskontingent. Til tillitsverv i partiet kan berre veljast medlemmer.

For å kunne få tale- og forslagsrett, røyste og vere valbar på årsmøter og andre møter som har myndigheit til å velje utsendingar, må forfalle kontingent vere betalt. Ein må i tillegg ha vore medlem i ein månad for å kunne røyste.

For å kunne få tale- og forslagsrett og røyste på partiet sine nominasjonsmøter, må forfalle kontingent vere betalt. Ein må i tillegg fylle 18 år i valåret, og ha vore medlem i **tre** månadar.

Ved alle røystingar kan 3 eller fleire røysterettkomne krevje skriftleg røysting.

§ 8-4 Organisering av medlemskapet

Eit medlem er normalt medlem av lokallaget i den kommunen/bydelen vedkomande bur.

Om det ikkje er lokallag på heimstaden til medlemmen, kan medlemmen organiserast direkte under fylkeslaget. I spesielle situasjonar kan medlemmen søke om å få organisere sitt medlemskap direkte under landspartiet. KrFU sine medlemmer skal alltid stå som medlem i sideorganisasjonen sitt lokal- eller fylkeslag i same fylke som KrF-medlemskapen er registrert.



Studentar kan organisere medlemsskapen sin i heimkommunen der dei er folkeregistrerte, eller på studiestaden. Partiet steller seg til den adressa dei oppgjev. Studentar som har gyldig medlemsskap utanom heimstadkommunen kan ikkje nominerast eller veljast som utsendingar til nominasjonsmøtet, (Jfr vallova § 21) og dei har i lokallagssamanheng ikkje stemmerett i nominasjonsspørsmål. Medlemen kan likevel nominerast til plass på vallista i folkeregistrert kommune/fylke.

Svalbard KrF skal organiserast som eige lokallag direkte under landspartiet.

§ 8-5 Eksklusjon

Eksklusjon frå partiet vert avgjort av sentralstyret med 2/3 fleirtal. Ein medlem kan ekskluderast av KrF om han eller ho:

- a. er medlem av eit anna politisk parti
- b. er tillitsvald, folkevald eller arbeider politisk for eit anna politisk parti
- c. har sett fram hatefulle ytringar eller truslar
- d. er dømd for seksuelle overgrep eller annan grov kriminalitet

Både partiet sine sentrale organ og lokal- og fylkeslag har rett til å føreslå medlemmer i sitt lag ekskludert. Nærare prosedyre om eksklusjon skal vedtakast av landsstyret.

§ 8-6 Medlemskontingent

Landsstyret for KrF fattar vedtak om medlemskontingent i KrF og landsstyret for KrFU fattar vedtak om medlemskontingent i KrFU. Landsstyret har fullmakt til å gi nærare avgjersler for kontingentsatsar, registrering av partimedlemskap med vidare. Lovendringar som angår KrFU trer i kraft når det føreligg tilslutning Vedrørande kontingentsats frå deira organ.

Kontingent krevjast inn av KrF sentralt. Kontingenten vert deretter fordelt mellom lokallag, fylkeslag, og KrF sentralt, etter ein fordelingsnøkkel vedteke av landsstyret.

Landskontoret laster kvart lokallag for kostnadane ved produksjon og utsending av kontingentkrav.

KrFU krev sjølv inn sin medlemskontingent og fordeler desse midla gjennom eigen organisasjon.

§ 8-7 Æresmedlemer

Æresmedlemer kan utnemnast av landspartiet ved sentralstyret, av fylkeslaga ved fylkesstyra og av lokallaga ved lokallagsstyra. Det generelle kriteriet for utnemning av æresmedlemer er; den personen det gjeld skal ha gjort ein ekstraordinær innsats for partiet på gjeldande nivå. Sjå Handbok for tillitsvalde, kapittel 10.3.

Æresmedlemen betaler ikkje sjølv kontingent til KrF. Kontingenten for ein æresmedlem vert dekkja av det organ som har utnemnt han eller ho.



§ 9 KJØNNSKVOTERING VED VAL MED MEIR

I politiske og organisasjonsmessige verv skal det sikrast mest mogleg lik representasjon av kvinner og menn.

Stemmetillegg og alle val/utnemningar til partiet sine politiske og organisasjonsmessige organ med fleire enn tre medlemer skal, så langt det er praktisk mogleg, gjennomførast slik at resultatet gjev minst 40% representasjon av kvart kjønn.

§ 10 AVVIKLING

Om eit lokallag ser det naudsynt å leggje ned aktiviteten skal det skje i samsvar med fylkesstyret. Lokallaget sin konto må gjerast opp og pengane skal overførast til fylkeskontoret sin konto. Rekneskap og møteprotokollar skal leverast til fylkeskontoret for oppbevaring og til historisk arkiv. Når lokallaget ser det mogleg å gjenopprette lokallagsaktiviteten har lokallaget krav på eit økonomisk tilskot frå fylkeslaget. Størrelsen på tilskotet skal tilsvare 100% av den summen fylkeslaget fekk overført då lokallaget la ned aktiviteten om dette skjer innan tre år etter nedlegginga, 75% om det skjer innan 5 år, 50% om det skjer innan 10 år. Etter 10 år har lokallaget ikkje krav på økonomisk tilskot ved gjenopptaking av aktiviteten.